



// NOTAT

Til: // Stian Bjerkvik
Fra: // Monica Osvold
Dato: 27.11.20

Busetjing av flyktingar

NAV Ørsta-Volda tykkjer det er flott at kommunane stiller seg positive til å hjelpe menneske på flukt.

NAV Ørsta-Volda har eit godt og positivt samarbeid med Læringscenteret.

Håpet vårt for alle flyktingar som kjem til våre kommunar er at dei skal vere i stand til å forsørge seg sjølve, slik at dei kan få same økonomiske moglegheiter som andre.

Vi ser at for dei fleste av flyktingane er denne vegen mykje lenger enn for andre, noko som er heilt naturleg.

Moment frå NAV;

- Flyktingane skal lære seg eit nytt språk. Det er viktig at flyktingane vert gjeven nok tid i introduksjonsprogrammet slik at dei er i stand til å kunne jobbe/ta utdanning etter endt program.
- Det er viktig at perioden med sosialhjelp før start i introduksjonsprogrammet vert gjort så kort som mogleg. Vi ynskjer at det å leve på en passiv yting utan krav om aktivitet skal kortast ned. Det er viktig å forstå tidleg at skal du motta pengar, så skal det vere knytta opp mot opplæringsaktivitet eller arbeid.
- Grunna traumer og tilpasningar til eit nytt samfunn ser vi at en del flyktingar slit psykisk og med rus. Det er viktig at tenesteapparatet er i stand til å handtere dette på en god måte.
- En del flyktingar manglar grunnleggande kunnskap om det å bu i hus med fasiliteter som er vanleg her i vårt land. Det er viktig at det vert gjeve tett og

.....
//
Postadresse: //

god oppfølging i høve dette, slik at det ikkje vert for store utgifter knytt til oppussing og utbetring av skader. Dette medfører at NAV sin depositumsgaranti vert løyst inn.

- Viktig med økonomisk rettleiing på kvardagsøkonomi. Vi ser at dette kan vere ei utfordring, og kan medføre meirkostnader for kommunane.